Plan Vest AS blir ein del av ABO Plan & Arkitektur

Til våre kundar og samarbeidspartnarar,

ABO Plan & Arkitektur AS har denne veka inngått avtale med Plan Vest AS. Avtalen er ein del av ei langsiktig og heilskapleg satsing i ABO på tenesteproduksjon innan plan- og arkitekturfaget i alle prosjektfasar.

Plan Vest og ABO sine fagområde utfyller kvarandre på ein svært god måte. For ABO er dette eit godt høve til å sikre og vidareutvikle spisskompetanse innan veg, vatn og avlaup, samt landskapsarkitektur og arealplanlegging. Det er ei målsetnad å bli ein solid og kompetent leverandør i Sunnhordland og på Haugalandet, i tillegg til at ABO sin kapasitet i Os- og Bergensområdet blir styrka.

ABO Plan & Arkitektur AS på Os vart stifta i 1986 med føremål å tilby rådgjevingstenester innan ulike delar av den totale fysiske samfunnsplanlegginga. Medviten satsing på ulike typar oppgåver har alltid vore ein føresetnad for brei kompetansebygging gjennom 31 år. Sidan starten har kontoret vokse jamt og trutt, og i dag tel ABO 35 dyktige medarbeidarar med ulik erfaringsbakgrunn og alderssamansetnad.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS er eit nyetablert selskap stifta 1.aug 2016. ABO Stord er eit dotterselskap av ABO Plan & Arkitektur AS. Det er i dag to tilsette på Stord, Karoline Eldøy og Turid Verdal.

Plan Vest AS er eit kjent og veletablert konsulentmiljø på Stord med 7 tilsette innan areal- og samfunnsplanlegging, kommunalteknikk, vegplanlegging og-prosjektering, samt landskapsarkitektur. Selskapet vart stifta i 1996. Knut Vikestrand har vore med på eigarsida sidan oppstarten, dei siste 13 åra saman med Liv Kari Eskeland.

Frå 2.mai 2017 vil ABO Stord husa 9 tilsette i kontorlokala i gamle postbygget på Leirvik. Karoline Eldøy held fram som dagleg leiar av ABO Stord. I tillegg vil Turid Verdal og Terje Vikestrand driva Stord-kontoret. I alle prosjekt der det er relevant, legg ein opp til tett og saumlaust samarbeid mellom dei to kontora på Os og Stord.

Denne samanslåinga vil ikkje ha konsekvensar for våre pågåande prosjekt, ut over positiv tilført kompetanse der dette er naudsynt i dei enkelte prosjekta. Det blir ikkje endringar i avtala ressursbruk- og personar utan etter avtale med oppdragsgjevar.

Ta gjerne kontakt for ytterlegare informasjon!

Vennleg helsing
Karoline Eldøy
906 61 631

ABO
PLAN &
ARKITEKTUR

Besøksdresse: Borggata 11

Postadresse: Pb 32, 5401 Stord
www.abo-ark.no